

Kjære ordfører!

Gode forsamling!

Dette er stas! Hjarteleg takk for kulturprisen! Og takk for gode ord!

Eg rettar også ei stor takk til alle som har vore med på å skape det ordføraren nemnde i talen sin. Svært mykje av det har vore godt lagarbeid.

Dei siste åra har eg konsentrert meg om arbeidet på Hedalen.no. Her har eg hatt god hjelp av fleire frivillige skribentar, ein dyktig fotograf og eit støttande styre.

I kveld vel eg å fortelje at eg den siste tida har slite med helsa. Fleire har lagt merke til det. Torsdag 13. november var eg til nevrolog på Lillehammer. Han trur at eg har fått Parkinsons. Skjelvande hender gjer at skrivearbeidet tek meir tid enn før.

I tillegg slit eg med nedsett høyrsel. Det har fått konsekvensar for både synging og speling.

Men eg har ikkje tenkt å leggje inn årene. Arbeidet på Hedalen.no vil eg vere med på framleis. Det er god medisin mot tunge tankar.

Og, Marit, kulturprisen er inspirasjon til vidare innsats.

Musikk har stått hjartet mitt nær i heile livet. I kveld håper et at de vil vere med på kanonsangen Gjør døren høy, gjør porten vid.